

Erlend og Terje er søsken. Dei har sommarferie og tar ferja til Sverige saman med faren. Dei har leigd ei hytte på Stjernø.

Erlend herjar rundt og ertar Terje. "Ikkje terg meg", roper Terje og smett ut og opp i skogen. Dei kjem til eit gammalt hus. Dei opnar døra og snik seg inn. Plutseleg knekk ein planke, dei fell gjennom golvet og ned i ein mørk kjellar. Hjartet dundrar i brystet. "Au, det verker i armen min", stønnar Terje. "Der er eit vindauge", seier Erlend med håp i stemma. Men det sit dessverre bom fast. Timane går, og det blir berre verre enn verst. Vonde tankar kvernar rundt i hjernen. Det mørknar ute, og stjernene lyser. Dei fjernar nokre lause mursteinar, men det hjelper lite. Plutseleg høyrer dei nokon utanfor. "Kven er det", roper dei, "er vi berga no?"

140 ord



Når du les og seier desse orda, høyrer du at e blir uttala æ. Kan du finne ut kva for bokstav/lyd som kjem etter æ-lyden? Vel ut nokre av orda, og øv på å skrive dei rett.

b: berg, berge

d: der, dessverre

e: er, ergerleg, Erlend, erte

f: ferdig, ferje, fjerne, fjernsyn

g: gjerde, gjerne, gjerrig

h: her, herleg, hjerne

j: jern, jerv

k: kverke, kvern

kj: kjerne, kjerre, kjerring

l: lerke, lerret

m: merke, merkeleg

n: nerve, nervøs, nysgjerrig

p: perfekt, perle, perm, person

s: servere, snert, sperre, sterk,
stjerne, sverd, Sverige, sverme

skj: skjerf, skjerm, skjerpe

t: terne, terge, Terje, termos, terning, terreng,
tverke, tverr, tvers

v: verb, verdi, verd, verk, verne, verre, verst, vert,
vertinne

1. Les teksten:

Erlend og **Terje** er søsken. Dei har **sommarferie** og tar ferja til **Sverige** saman med faren. Dei har leigd ei hytte på Stjernø. Erlend herjar rundt og ertar Terje. "Ikkje terg meg", roper Terje og smett ut og opp i skogen. Dei kjem til eit gammalt hus. Dei opnar døra og snik seg inn. Plutseleg knekk ein planke, dei fell gjennom golvet og ned i ein mørk kjellar. **Hjartet dundrar** i brystet. "Au, det verker i armen min", stønnar Terje. "Der er eit vindauge", seier Erlend med håp i stemma. Men det sit **dessverre** bom fast. Timane går, og det blir berre verre enn verst. Vonde tankar **kvernar** rundt i **hjernen**. Det **mørknar** ute, og **stjernene** lyser. Dei **fjerner** nokre lause mursteinar, men det hjelper lite. **Plutseleg** høyrer dei nokon **utanfor**. "Kven er det", roper dei, "er vi berga no?"

2. Prikk og del dei orda som er utheva.
3. Kor mange ord finn du med **æ-lyd** som blir skrivne med **e**? ____
4. Finn rimord på **merk**. Bruk **h, s, sn, st, v** som første lyd/lydar:

5. Finn rimord på **gjerne**. Bruk **fj, hj, kj, stj, t, v**. Skriv dei:

6. Orda god og vond er adjektiv. Bøy dei:

	positiv	komparativ (enda)	superlativ (aller)
god			
vond			

7. Fortel og/eller skriv meir om det du har lese.
8. Les teksten på nytt.